

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 23.09.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Kommunikasjons- og marknadsdirektør Bernt Flekke

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 1 Status nytt sjukehusapotek Haraldsplass**

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 21/21

STYREMØTE: **30.09.2021**

Sjukehusapoteka Vest (SAV) inngjekk i mars 2021 ein intensjonsavtale med Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) om å etablere eit sjukehusapotek ved HDS. Avtalen er forankra i SAV sin strategiplan og omfattar leige av lokale med ein tidshorisont på ti år. Det blir det 33. sjukehusapoteket i Noreg, og det første nye i Helse Vest sidan spesialisthelstetetenesta vart organisert som helseføretak i 2002.

Byggearbeida starta i april og har stort sett gått som planlagd, trass i nokre forsinkingar før sommaren grunna karantene hos enkelte leverandørar. Sjukehusapoteka Vest overtar lokala til innreiing 1. oktober, deretter startar arbeidet med å montere og innreia apoteklokalet.

Ein planlegg å opne publikumsdelen av apoteket 01.11.21, medan sjukehus-ekspedisjonen først opnar tidlegast 01.02.2022. Bakgrunnen er blant anna at ein ikkje har mogelegheit til å setje opp den nødvendig koplinga mot LIBRA før i januar. Det blir truleg ei gradvis overføring av sjukehusekspedisjonstenester (vare- og tenesteleveransar) frå Sjukehusapoteket i Bergen til det nye sjukehusapoteket på Haraldsplass.

Sjukehusapoteket ved HDS er plassert i 1. etasje, ved den tidlegare hovudinngangen. Publikumsdelen av apoteket opnar i ei tid der det skjer stor aktivitet elles på Haraldsplass. Nokre meter unna i same etasje opnar i september både ein ny kaffebar og den nye kantina, med plass til cirka 170 gjestar. Kantina blir felles for dei 900 tilsette ved sjukehuset og dei rundt 850 VID-studentane som nyleg har samla seg under eitt tak i Bergen på Campus Haraldsplass. VID, som står for *vitenskapelig, internasjonal og diakonal*, er ein privat høgskule, med studiestader i fem norske byar.